

Årsrapport for Vikøy sokneråd 2019

Samansetnaden av Vikøy sokneråd fram til nov. 2019.

Ingvill Sørheim (leiar)
Odd Øygarden (nestleiar)
Edmund Tolo (skrivar)
Eimund Solsvik (kasserar)
Kari Bente Valland Træbakken
Rebecca Opsahl-Engen
Astrid Helleve Fylkesnes
Gudrun Skeie Langeland
Sokneprest Roar Strømme

Varamedlemer

Siri Moripen Øverland (1. vara, møter fast i soknerådet)
Arvid Strømme
Arnfinn Høpland
Elin Feste
Herdis Austevoll

Nytt sokneråd 1. november 2019

Ingvill Sørheim (leiar)
Astrid Helleve Fylkesnes (nestleiar)
Solfrid Storaker Lindøy (skrivar)
Eimund Solsvik (kasserar)
Helga Sørhus
Trude Vestbø
Ingegjerd Pedersen Lid
Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland

Arbeidsutval:

Arbeidsutvalet for soknerådet har vore samansett av sokneprest, leiar og nestleiar. Kasserar vert kalla inn ved behov.

Soknerådet sine representantar i Kvam kyrkjelege fellelråd

Ingvill Sørheim – Personleg vara: Astrid Helleve Fylkesnes
Odd Øygarden – Personleg vara: Eimund Solsvik

Frå 1. nov. 2019

Ingvill Sørheim – Personleg vara: Eimund Solsvik
Astrid Helleve Fylkesnes – personleg vara: Trude Vestbø

Andre faste oppgåver 2019

Kjøkkenansvarleg: Berit Skutlaberg. Ho held fram vidare.
Soknerådet sin representant i Føremiddagstreffet: Helga Synnøve Sørhus.



Kontaktpersonar for Kirkens Nødhjelp: Ingvill Sørheim

Bibelkontakt for soknerådet: Gudrun Skeie Langeland.

Soknerådet sin representant i representantskapet til Kirkens SOS Bjørgvin: Kari Bente Valland Træbakken.

Soknerådet sitt arbeid:

Soknerådet har hatt 7 (7) soknerådsmøte og 7 (7) arbeidsutvalsmøte i 2019. Kyrkjelyden er blitt invitert til årsmøte i mars.

55 (60) små og store saker er blitt handsama. Av viktige saker kan nemnast:

Årsmelding og rekneskap

Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden/trusopplæringa

Offersøknader

Kyrkjekaffiar, minnesamvær, tilstellingar (t.d. konfirmantfesten)

Fasteaksjonen

Førebu nytt soknerådsväl

Diakon/diakonimedarbeidar

Føremiddagstreffet

30-årsjubileum for Norheimsund kyrkje

Kyrkjelydspedagog Solveig Lønning Sangolt har vore med på eit soknerådsmøte og snakka om trusopplæringa. Elles har ein i 2019 halde fram med dei trusopplæringstiltaka som har vore etablert nokre år no. Trusopplæringsplanen er ambisiøs med tiltak i alle årsklassar. Slik ressursituasjonen har vore i 2019 har ein ikkje kapasitet til å sette i gang med fleire nye tiltak utan at det vert gjeve meir tilskot i form av større stillingar eller meir frivillig hjelp for at dette skal gå opp. Ein har i tillegg drøfta dette med tilsetjing av diakon/diakonmedarbeidar i samråd med Fellesrådet.

Tilsette/staben i Vikøy sokn:

Kyrkjeverje/dagleg leiar: Olav Skeie Lid. Permisjon frå 1.8.2019. Sagt opp stillinga frå desember 2019.

Vikar for kyrkjeverja: Hans Soldal (frå 1.8.2019-31.7.2020)

Sakshandsamar: Anne Kari Sørheim

Sokneprest: Roar Strømme

Kateket: Mampion Andriamandimby (1. mars 2019, svangerskapspermisjon frå 1.1.2020)

Kateket: Marna Roer (Vikar)

Diakonmedarbeidar: Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland. Vikarierer noko for Mampion frå 1.1.2020.

Kyrkjelydspedagog: Solveig Lønning Sangolt

Organistar: Margrete Lid Kjosås og Astrid Johanne Gjestvang (vikar frå 1.8.2018 til 31.7.2019). Sevinj Asgarova Øvrehus tilbake etter permisjon 1.8.2019.

Ny kyrkjetenar frå 1.1.19: Franckie Mario Andrianaivo

Arbeidsleiar på kyrkjegarden: Heine Ugletveit

Frivillige medarbeidarar (frivillige innanfor diakoni og sundagsskule er omtalt seinare):

Om lag 70 personar deltek med frivillig arbeid i kyrkja. Rundt 30 (33) personar har gjort teneste som medhjelpar eller kyrkjevert i samband med gudstenestene.

Fleire har delteke med song og musikk.

18 (19) personar har vore faste medhjelparar på kjøkkenet ved minnestunder. Desse er delt i to grupper som har ansvar for kvar sine minnesamvær.

Ein person har teke på seg å ordna med blom på altaret i Norheimsund kyrkje på høgtidsdagar.

To personar hengjer opp plakatar i Norheimsund og Vikøy når det er gudstenester.

Arbeidet i kyrkjelyden (2018-tal står i parentes)

Det blei halde 32 (36) gudstenester på vanlege sundagar og heilagdaggar med til saman 5467 (5461) personar til stades. Utanom dette har det vorte halde 5 gudstenester utanom sundagar og helgedagar. 510 (525) personar har møtt fram. Prestane held også jamleg andaktar på institusjon eller aldersheimar. Til saman utgjer dette 37 gudstenester totalt med eit oppmøte på 5799 (5986) personar. Gjennomsnittleg frammøte på vanlege gudstenester ligg på 171 (152) personar.

25 (33) er blitt døypte, og 30 (35) ungdommar blei konfirmerte. 6 (15) par er blitt vigde, og 20 (30) personar er blitt gravlagde.

Ut frå statistikken som ligg føre ser ein at oppmøtet på vanlege gudstenester dei to siste åra nokså stabilt, men fallande samanlikna med nokre år tilbake. Talet på døypte og på konfirmantar er i same tidsrom meir stabilt.

Trusopplæringa

I samband med dåp har presten dåpssamtale med alle som døyper borna sine.

Både vår og haust 2019 arrangerte kyrkjelyden babysong med 15 deltakarar (50 %) og småbarnstreff (1-6 år) med ca. 6 deltakarar (21 %). Her er det 2-åringane som er den reelle målgruppa. På vårparten kom 28 3-åringar på «Krølletreff» (70 % av borna i målgruppa), og 26 4-åringar (76 %) kom på familiegudsteneste og takka ja til boka si. 24 barn (60 %) fekk utdelt 6-årsboka i juni. For å unngå kollisjon med avslutningar slik som i 2018, flytta me arrangementet til siste veka før sommarferien/helg. Då kom det mange fleire. På Legoklubb for 7-åringar kom 17 born (70%). Her fekk borna byggje bibelforteljingar i Lego og ete kveldsmat i lag; eit svært kjekt arrangement!

For 5-10-åringar var det arrangert Vennefest (omdøpt frå Hallo Venn) 31. oktober. Heile 150 (160 i 2018) born kom. Det vart 17.mai og karneval på ein gong, og i tillegg konsert og andakt. «Naboen min» hadde konsert til stor glede for store og små. Arrangementet kostar litt, men me dekka akkurat utgiftene ved å ta 100 kr i inngangspengar. Dette året hadde me fleire frivillige med oss (30-40 stk) slik at det ikkje vart så mykje på kvar. Tilbodet er kome for å bli så lenge me har ressursar til det. Mange ynskjer eit alternativ til Halloween-festar og å «gå halloween». I år var det ikkje så mange 9-og 10-åringar, litt fordi det kolliderte med arbeidsstova som tilfeldigvis var denne dagen. Ein opplever det som noko utfordrande å halde på dei store borna når det også skal passe for 1. klassingar. Me ser eit behov for eit slikt arrangement i bygda vår. For dei borna som kom, var dette ein kjempesuksess!

På Lys Vaken i november, som vert arrangert for både Vikøy og Øystese sokn, kom 13 born; 3 av borna var frå Øystese, 10 frå Vikøy sokn (36 % av borna i årskullet i Vikøy). Lys-vaken arrangementet var avslutta med eit felles møte i Norheimsund kyrkje saman med Norheimsund Indremisjon. Møtet på sundagen i kyrkja var godt besøkt!

I januar 2019 blei 8-åringane invitert til arrangementet «Tårnagent» i Øystese kyrkje. Her deltok totalt 39 born, av dei 19 frå Norheimsund og 20 frå Øystese (70% av dei inviterte frå Vikøy sokn). Dette vart for mange born! Øystese kyrkje er noko upraktisk i forhold til å kunne dele dei opp i grupper. Difor prøver med å dele dei opp til neste år slik at borna frå Vikøy sokn får kome til Vikøy kyrkje i staden for å vere med i Øystese kyrkje som tidlegare.

Tweens, eit nytt arrangement, vart prøvd ut i 2019. 6 born kom (15%). Me ville prøve dette ut, difor hadde me ikkje så mykje PR i forkant. Opplegget skal vere for 6. trinn der me treffest 3 gonger for å sjå film og snakke om utfordringar knytt til tema som sosiale medium, rus og seksualitet (eit opplegg i regi av Blå

Kors). I tillegg laga borna ein flott påskedekorasjon og fekk «handla» i kiosken.

Sundagsskulen sitt arbeid «Sprell levande» har vore eit populært tilbod for born (og foreldre) under gudstenestene. Om lag 10-20 barn i alderen 0-11 år møter opp på desse samlingane, dette er litt mindre enn det har vore før. 2 personar har vore med på å drive sundagsskulen siste året (mot 4 i 2018). Tidlegare har vi hatt aldersdelte samlingar, men det har vi ikkje fått til dette året grunna mangel på leiarar. Søndagsskulen har i stor grad konsentrert seg om «vanleg» søndagsskuleaktivitet, og det er søndagsskule kvar søndag det er gudsteneste i Norheimsund, utanom i skuleferiar. Vi avslutta året med ei Luciamarkering i desember der alle som deltok på gudstenesta blei invitert med på kyrkjekaffe med lussekattar og hobbyaktivitetar. Søndagsskulen var også med på å arrangere «Vennefest» i Norheimsund kyrkje i oktober.

Me nemner også spesielt kateketen og kyrkjelydspedagogen sitt arbeid i møte med barnehage og skule. Kyrkja har hatt 5 barnehagegrupper på besøk fordelt på 8 avdelingar. I 2019 måtte krybbevandringa gå ut grunna sjukdom. Påskevandringa gjekk som normalt. 4 (6) skuleklassar har hatt besøk av kyrkja. Det har vore 1 skulegudsteneste før jul (315 deltakarar).

I soknet blir det elles drive mykje godt barne- og ungdomsarbeid. Her vil ein spesielt trekkje fram Origo, KRIK, Junior-Ving og barnekora Shine og Kvam Soul Children i tillegg til Norheimsund og Øystese Ungdomskor. Kora deltek ved ulike høve i gudstenestene, t.d. familiegudstenester og på lysmesse og Allesaman-Samling.

Skuleåret 2018-2019 hadde Vikøy sokn 30 konfirmantar. Konfirmantane møttest jamleg frå september til april til undervisningsøkter i Norheimsund kyrkje. I tillegg har dei møtt på sju gudstenester i løpet av konfirmasjonstida, samtalegudsteneste og konfirmasjon medrekna. Dei fleste konfirmantane har vore på konfirmantleir i Etne eller delteke på andre arrangement (t.d. Ungdomskoret sin turne). Konfirmantar og foreldre gjorde ein flott jobb i samband med Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

Hausten 2019 deltok konfirmantane på Norheimsund og Øystese Ungdomskor sin konsert Crown Him i Øystese idrettshall laurdag 8. november. Tilbakemeldingane frå konfirmantane var gode, og dei som stod for det, var også nøgde med arrangementet. I desember deltok dei på lysmessa.

Soknerådet er med og betaler løn, kr 30.000, til dirigenten i Norheimsund og Øystese ungdomskor.

Som nemnt innleiingsvis er «Trusopplæringsplanen» for barn og unge i alderen 0-18 år ambisiøs og omfattande. Ein har såleis stort sett halde seg til dei arrangementa ein har hatt ei stund og som ein har god erfaring med. Nytt i 2019 er likevel «Tweens», eit opplegg som blei gjennomført for 5. trinn i Norheimsund. Ut frå tilbakemeldingane og stemninga på samlingane verka borna svært fornøyde. I framtida blir dette opplegget arrangert for 6. trinn fordi Lys Vaken er for 5. trinn.

Diakonalt arbeid

Føremiddagstreffet har året 2019 vore litt i «dvale». Soknerådet har arbeidd ein del med å finne personar som kan tenkje seg å utgjere ein programkomité. Difor var det våren 2019 berre invitert til eit føremiddagstreff i mars med songaren og forkynnaren Gunnar Ajer. Hausten 2019 har ein lukkast med å få på plass ein komité som no har laga program for 2020. Der sit mellom anna Eimund Solsvik, Torleif Lyngset og Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland. Nye «Føremiddagstreff» ser me altså fram til i 2020.

I samband med gudstenesta fastelavenssundag, tilrettelagt for menneske med nedsett kognitiv funksjonsevne, har diakoniutvalet i samarbeid med Kulturkontoret sendt ut brev med personleg invitasjon og hatt ansvar for kyrkjekaffien denne dagen. Ca 50 personar deltok på dette.

Elles blir kyrkjelydssalen gjerne nytta til minnesamvær etter gravferder. Soknerådet sine friviljuge damer har hatt ansvar for 3-4 av dei, og dei andre var det andre ulike aktørar som sytte for. Det har i det heile vore færre minnesamvær i 2019 enn året før.

Når soknerådet arrangerer minnesamvær, er det to arbeidslag som skiftar på å ta seg av det praktiske. I desse arbeidslaga deltek 18 personar, og til ei minnestund trengst det 5-7 personar. Derfor er det alltid lett å få folk til å stilla opp. Dei som er med, gjev ofte uttrykk for at det er godt og meningsfylt å vera med i denne tenesta.

Dei som hadde mista nokon siste året, vart spesielt inviterte til gudsteneste helgemessesøndag i Vikøy kyrkje. I etterkant har det kome svært mange positive tilbakemeldingar på å ha denne gudstenesta nettopp i Vikøy sidan kyrkjegarden ligg der og ein samstundes kan besøke grava og tenne lys.

Hausten 2019 fekk ein tilsett ein diakonmedarbeidar i 50% stilling. Ved sida av å arbeide med det som diakoniplanen legg opp til, studerer diakonimedarbeidaren også til å verte diakon på sikt! Det er me svært glade for! Soknerådet har ynskje om på sikt å få ein diakon i 100% stilling, men då er ein avhengig av meir lønsmidlar t.d. gjennom fast gjevarteneste og helst eit tilskot frå kommunen. Både diakoninemnda og Fellestrådet arbeider meir konkret vidare med dette.

Kyrkjeklubben

Ein gong kvar månad møtest menneske med nedsett kognitiv funksjonshemming til ei samling i kyrkja. Annakvar gong skjer dette i Norheimsund og Øystese kyrkje. Prestane er med i tillegg til fleire frivillige medarbeidarar. Ein av desse var med på den store fagkonferansen for dette arbeidet HEL 2019 i Kristiansand. Samlinga har eit fast opplegg i kyrkja med tema, song og musikk og til slutt kveldsmat. Klubben førebur den årlege fastelavnsgudstenesta for heile kyrkjelyden. I snitt møtest 15-20 deltakarar.

Kyrkjeringar

Dei to kyrkjeringane har som før spesiell omsorg for kyrkja både økonomisk og i bøn. Norheim kyrkjering (møtestad privat) har 7 (6) medlemmer. Tolo kyrkjering (møtestad på dåpsrommet) har 9 (10) medlemmer.

Misjonsarbeid

Ulike misjonsorganisasjonar er representerte med foreiningar og anna verksemd i soknet vårt. Kyrkjelyden støttar arbeidet med kyrkjeofringar og forbøn. Soknerådet har ein samarbeidsavtale, SMM-avtale, med HimalPartner. Me har forplikta oss til å orientera om og be for arbeidet dei driv. Kyrkjelyden vil spesielt hugsa på misjonærar som er ute for HimalPartner. I tillegg har ein jamleg orientering om arbeidet HimalPartner driv gjennom Kyrkjelydsbladet og at Ragnhild og Tore Skeie orienterer frå misjonsarbeidet på gudstenester. Minst ei gudsteneste i året skal vere ei misjonsgudsteneste. Minst fire gonger i året blir det teke opp takkoffer til HimalPartner. Me er takksame for dei midla som vert samla inn og som me ser blir nytta til ulike tiltak som HimalPartner støttar.

«Ein god dag».

«Ein god dag» blei arrangert i 24. og 27. april 2019. Det vart sett av to dagar til å hjelpe folk med ulike praktiske oppgåver som maling, hagearbeid og opprydding ute. Også eldre folk på institusjonar i Norheimsund fekk tilbod om ein luftetur (gåtur/trilletur) eller biltur. Tilbodet har blitt godt motteke av dei som har brukt det. På onsdagen fekk dei som ville vere med på biltur i lokalmiljøet og kaffi og frukt/kjeks i kyrkja etterpå. På laurdagen vart om lag same opplegg gjennomført med biltur først før ein hadde eit hyggeleg kaffibesøk i matsalen på Framnes. Nokre fekk ein kortare luftetur rundt Toloheimen. Fleire velvillige stilte opp og gav uttrykk for at det hadde vore kjekt å vere med på eit slikt tiltak. Vikøy sokneråd

har delteke på «Ein god dag» saman med Indremisjonen i Norheimsund og soknerådet i Øystese. Eli S. Tveitane er leiar for gruppa.

Konsertar

Det har vore 9 (10) konsertar med ulike eksterne arrangørar i kyrkjene våre i 2019. Totalt har konsertane samla 1432 (1567) tilhøyrarar. I tillegg har det vore halde 3 (3) konsertar/musikkandaktar i regi av kyrkjelyden med 552 (293) tilhøyrarar.

Open kyrkje

I sommarmånadane (juni-juli) fungerer Vikøy kyrkje som open kyrkje. Totalt var kyrkja open 60 dagar. Det er privatpersonar som organiserer med å opne og stenge kyrkja i denne perioden.

Kyrkjeblad for Kvam og Jondal

Kyrkjebladet dekkjer Kvam og Jondal (ikkje Strandebarm). Staben på kyrkjekontoret saman med Arne O. Øystese utgjer redaksjonsnemnda med kyrkjeverje Olav Skeie Lid/Hans Soldal som redaktør.

Kyrkjebladet kjem ut med 4 nr i året. Gåve-/frivillig abonnement er den viktigaste inntektskjelda til bladet i tillegg til nokre annonser.

Kyrkjebladet vil gjerne spegle av det som skjer i kyrkja i dekningsområdet, og i underkant av 4000 blad vert trykte og distribuerte for kvart nummer. Soknerådet vil få takke for den jobben redaktøren og redaksjonsnemnda har gjort for å gje lesarane i bygdene våre eit blad mange set pris på.

Soknerådet sin økonomi

Soknerådet sin økonomi er stabil. I år var det eit lite overskot (sjå rekneskapen).

Norheimsund, 12. mars 2020

For Vikøy sokneråd

Ingvill Sørheim, leiar

Månad	Dato	Arrangement	Tema	Ansvar o.l
Januar	12	Gudsteneste Nhs. Kl.11 LAV	2. søndag i openberingstida, Offer til	Enkel kyrkjekaffi
		AU		
	23.	Tårnagenter	Vikøy kyrkje og gamle skulehuset i Vikøy	Kyrkjelydspedagog (Roar med?)
	26	Gudsteneste Nhs. Kl 11 RS	4. søndag i openberingstida Offer til Himalpartner	Utvida kyrkjekaffi Besøk av Aspenes frå HP
	30.	Soknerådsmøte	Offersøknader Oppdatert halvårsplan for våren 2020 Årsmøte m.m.	Opning: Mat:
Februar	7.	Kyrkjekino Narnia Nhs kyrkje	5. trinn	Solveig på person frå SR (Ingvill og Helga)
	9.	Gudsteneste i Nhs kl 11. LAV	Såmannssundag Bibeldagen	Enkel kyrkjekaffi
	23.	Gudsteneste kl 16. RS	Fastelaven	Fastelavensbollar. Helga ansvar
	25.	Komitè møte for fasteaksjonen	Førebu lister og oppsett på kvar konfirmantane skal gå; lage klart bøsser. Bestille litt mat/drikke	Fasteaksjonen er tysdag 31. mars
	26.	Kveldsmesse Vikøy kl 19	Oskeonsdag	Ingvill medhjelpar Kyrkjevert: Eimund
Mars		AU		
	5.	Legoklubb Nhs kyrkje	2. trinn; frå 5. mars (3 torsdagar i mars)	Solveig + Ingvill og Astrid
	8.	Gudsteneste i Nhs kl 11. LAV	Kyrkjekaffi med avskil for Olav S. Lid	Utvida kyrkjekaffi
	11.	Salmekveld i Nhs kyrkje	Laudamus, Kjell Strømme, Astrid H.F og Elin V	Organisten + soknerådet
	12.	Soknerådsmøte kl 17.30	Førebu årsmøte: årsmelding, budsjett, rekneskap, årsplan, Fasteaksjonen (eigen komite) Konfirmantfesten (setje ned komite)	Opning: Mat:
	19.	Legoklubb Nhs kyrkje	2. trinn; frå 5. mars (3 torsdagar i mars)	Solveig + Ingvill (Astrid reserve)
	20.- 22.	Konfirmantweekend i Sætervika	Konfirmantane	Kateketane + prestane, forledre og elevar frå Framnes
	22.	Gudsteneste i Nhs. Kl. 12 RS	Årsmøte kl 11-12	
	31.	Fasteaksjonen	Oppmøte kl 16.30. Konfirmantane går kl 17.00	Ansvar: komiteen + resten av SR, Stiller med bollar og brus
April	2.	Legoklubb Nhs kyrkje	2. trinn; frå 5. mars (3 torsdagar i mars)	Solveig + Ingvill (Astrid reserve)
	5.	Gudsteneste i Nhs. kl. 11 RS	Palmesundag	Enkel kyrkjekaffi

	9.	Gudsteneste i Vikøy kl 19 (felles) LAV	Skjærtorsdag	
	10.	Pasjonsgudsteneste (felles) Øystese kl 11. RS	Langfredag	
	11.	Påskennattgudsteneste i Øystese (felles) kl 23.15 LAV	Påskennatt	
	12.	Gudsteneste i Nhs kl 11 (felles) RS	1. Påskedag	Offer til Misjonssambandet
	16.	Soknerådsmøte kl 18	Evaluering årsmøte Konfirmantfest-komite Parkeringsvakter konfirmasjon i Nhs Fasteaksjonen	
	16.	Temakveld i Nhs kyrkje	Sjølvmoord	
	17.	Songkveld	Med Gunnstein Draugedalen	
????	19.	Familiemøte/gudsteneste saman med Nhs bedehus og kora Shine + Kvam Soul Children (KSC)		
	26.	Gudsteneste i Nhs. Kl 11. LAV		Enkel kyrkjekaffi
	29.	Krølletreff Nhs kyrkje	3 år	Solveig+ Ingegjerd og Eimund
Mai	5.	Samtalegudsteneste Konfirmantfest	Komite frå SR ansvar for festen Mat, program. SR hjelper til	Soknerådet ansvar for fest
	9.	Konfirmasjon Nhs kl 11 Marna Roer		Parkeringsvakter
	10.	Konfirmasjon Nhs kl 11 RS		Parkeringsvakter
		Soknerådsmøte		
	21.	Friluftsgudsteneste i båthamna i Vikøy kl 11	Kristihimmelfart (inne i Vikøy kyrkje ved dårleg ver)	Kyrkjekaffi i båthamna evt. gamleskulen i Vikøy
	24.	Gudsteneste i Nhs. Kl 11. RS		Enkel kyrkjekaffi
Juni	5.	Skulestart komande 1. trinn	Nhs kyrkje	Solveig + Ingegjerd og Trude
	7.	Gudsteneste i Nhs kl 11. RS	Treningssundag Frelsesarmeen spelar	Enkel kyrkjekaffi
	14.	Gudsteneste i Vikøy kl 11 RS	Folketonemesse Os spelemannslag?	Trebåtfestival
	16.	Soknerådsmøte kl. 18	Ny kyrkjevert- og klokkekarliste Plan for hausthalvåret	Opning: Mat:
	28.	Gudsteneste Nhs Kl 11. LAV		Enkel kyrkjekaffi
Juli	.			
	.			

August	.			
--------	---	--	--	--